

GENERELLE KONTRAKTSVILKÅR FOR INNKJØP AV TENESTER

INNHALDSLISTE

1	BRUKSOMRÅDE	4
2	KONTRAKTSDOKUMENT	4
3	SAMARBEID OG GJENSIDIGE PLIKTER	4
3.1	SAMARBEID.....	4
3.2	MØTE	4
3.3	STATISTIKK OG RAPPORTERING	5
3.4	PERSONOPPLYSINGER OG INFORMASJONSTRYGGLEIK	5
3.5	TEIEPLIKT.....	5
3.6	VARSLINGSPLIKT.....	6
4	LEVERANDØREN SINE PLIKTER	6
4.1	TENESTENE	6
4.2	LEVERINGSTID OG STAD	6
4.3	DOKUMENTASJON	6
4.4	GARANTI	6
4.5	RETTSMANGLAR.....	7
5	OPPDRAGSGJEVAR SINE PLIKTER.....	7
5.1	MEDVERKNAD	7
5.2	UNDERSØKINGSPLIKT	7
6	PRIS OG BETALINGSVILKÅR	8
6.1	PRIS OG PRISREGULERING.....	8
6.2	UTLEGG OG REISER	8
6.3	FAKTURERING.....	8
6.4	FORSEINKA BETALING	8
6.5	OVERFAKTURERING	8
7	TIDSPUNKT FOR FERDIGSTILLING OG OVERFØRING AV RETTAR	8
7.1	TIDSPUNKT FOR FERDIGSTILLING	8
7.2	EIGEDOMSRETT M.M.	9
8	ENDRING, STANSING, AVBESTILLING OG OPPSEIING	9
8.1	ENDRING	9
8.2	MELLOMBELSTANSING OG AVBESTILLING	10
8.3	OPPSEIING	10
9	MISLEGHALD.....	10
9.1	KVA BLIR REKNA SOM MISLEGHALD	10
9.2	REKLAMASJON	10
9.3	RETTING	10
9.4	TILLEGGSFRIST	11
9.5	RETTING OG LEVERING AV NY TENESTE FRÅ ANNAN LEVERANDØR	11
9.6	PRISAVSLAG	11
9.7	TILBAKEHALDING AV BETALING	11
9.8	DAGBOT	11

9.9	HEVING.....	12
9.10	ERSTATNING OG ERSTATNINGSAVGRENSING.....	12
10	ANDRE REGLAR.....	12
10.1	RISIKO OG ANSVAR FOR KOMMUNIKASJON OG DOKUMENTASJON.....	12
10.2	BRUK AV UNDERLEVERANDØR OG TREDJE PARTAR.....	13
10.3	OVERFØRING AV RETTAR OG PLIKTER.....	13
10.4	FORCE MAJEURE	13
10.5	REKLAME.....	13
10.6	FORSIKRINGAR.....	13
11	SAMFUNNSANSVAR.....	14
11.1	GENEREKT.....	14
11.2	MILJØ.....	14
11.3	LØNS- OG ARBEIDSVILKÅR I NOREG	14
11.4	ETISK HANDEL.....	14
12	OPPHØYR AV KONTRAKT	14
12.1	SMIDIG OVERGANG.....	14
12.2	AVROP	14
13	TVISTAR.....	15
13.1	LOVVAL OG VERNETING	15
13.2	FORHANDLINGAR OG MEKLING.....	15
13.3	DOMSTOLS- ELLER SKILSDOMSBEHANDLING	15

1 BRUKSOMRÅDE

Desse generelle kontraktsvilkåra gjeld mellom oppdragsgjevar (heretter kalla «Oppdragsgjevar») og leverandøren (heretter kalla «Leverandøren») som tek på seg å levere tenester og eventuelt tilhøyrande varer (heretter kalla «Tenestene») til Oppdragsgjevar. Oppdragsgjevar og Leverandøren kan også enkeltvis bli kalla «Part» og i fellesskap «Partane».

Føremålet er å regulere Partane sine rettar og plikter i samband med Tenestene.

2 KONTRAKTSDOCUMENT

Følgjande dokument, som må lesast i samanheng, inngår i kontrakten (heretter kalla «Kontrakten»):

- a) Avtaledokument med definerte bilag/vedlegg (medrekna tilbod frå Leverandøren)
- b) Særskilte kontraktsvilkår
- c) Desse generelle kontraktsvilkåra

Dersom det er motstrid mellom dokumenta, skal dei gjelde i rekjkjefølgja som er lista opp ovanfor.

Dersom anna ikkje er opplyst, skal bilag/vedlegg med lågare nummerering gå føre bilag/vedlegg med høgare nummerering. Løysingsskildringa frå Leverandøren går likevel føre spesifikasjon frå Oppdragsgjevar i den grad det klart og utvitydig går fram kva som er endra, erstatta eller lagt til.

Dersom spørsmålet om prioritet ikkje er løyst ved prinsippa ovanfor, gjeld prinsippet om at spesielle reglar går føre generelle og at nyare reglar går føre eldre.

Leverandøren sine eigne avtalevilkår er ikkje ein del av Kontrakten eller på nokon annan måte akseptert, med mindre Oppdragsgjevar uttrykkjeleg har gjort dei til ein del av Kontrakten.

3 SAMARBEID OG GJENSIDIGE PLIKTER

3.1 Samarbeid

Partane skal samarbeide og vise lojalitet i gjennomføringa av Kontrakten.

Partane skal svare på førespurnader utan ugrunna opphald.

Partane skal utan ugrunna opphald underrette kvarandre om forhold som dei forstår eller bør forstå vil verke inn på Tenestene eller Kontrakten.

3.2 Møte

Dersom ein Part finn det nødvendig, kan Parten med varsel på minst tre (3) kvardagar kalle den andre Parten inn til møte for å drøfte kontraktsforholdet og måten dette blir gjennomført på.

3.3 Statistikk og rapportering

Leverandøren pliktar å sende over leveringsstatistikk og rapportering slik det er avtalt eller på oppmoding frå Oppdragsgjevar i kontraktsperioden og/eller ved utløpet av Kontrakten. Leverandøren skal ikkje ta imot noko særskilt vederlag for dette.

3.4 Personopplysingar og informasjonstryggleik

Leverandøren skal setje i verk forholdsmessige tiltak for å vareta krav til informasjonstryggleik i samband med gjennomføring av Tenestene.

Handsamar Leverandøren personopplysningar på vegner av Oppdragsgjevar, pliktar Oppdragsgjevar og Leverandør å inngå ein databehandlaravtale i samsvar med personopplysningslova og eventuell sektorspesifikk personvernlovgjeving som er relevant for verksemda til Oppdragsgjevar. Det same gjeld for personopplysningar som Leverandøren hentar inn frå andre kjelder enn Oppdragsgjevar.

Databehandlaravtale må vere inngått før Leverandøren kan byrje handsaminga av personopplysningar.

Partane sitt erstatningsansvar for skade som rammar den registrerte eller andre fysiske personar og som skriv seg frå brot på personvernforordninga (forordning 2016/679), personopplysningslova med forskrifter eller anna regelverk som gjennomfører personvernforordninga, følgjer føresegne i personvernforordninga artikkel 82.

Erstatningsavgrensinga i punkt 9.10 kjem ikkje til bruk for ansvar som følgjer av personvernforordninga artikkel 82.

Partane er kvar for seg ansvarlege for lovbrotsgebyr fastsett i samsvar med art. 83 i personvernforordninga.

3.5 Teieplikt

Partane har teieplikt om opplysnings dei får eller på annan måte blir kjende med om den andre Parten sine forretningmessige eller personlege forhold, så sant desse ikkje er offentleg kjende.

Leverandøren kan berre overføre teiepliktig informasjon til underleverandørar og tredjepartar i den utstrekning dette er nødvendig for gjennomføring av Kontrakten, føresett at desse er pålagde plikt til konfidensialitet tilsvarande dette punktet.

Sidan Oppdragsgjevar er ei offentleg verksemd, er teieplikt etter denne regelen ikkje meir omfattande enn det som følgjer av lov 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltingssaker (forvaltningslova) eller tilsvarande sektorspesifikk regulering.

Teieplikt etter denne regelen er vidare ikkje til hinder for utlevering av informasjon som er kravd lagd fram i samsvar med lov eller forskrift, medrekna offentlegheit og innsynsrett som følgjer av lov 19. mai 2006 om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd (offentleglova). Om mogleg skal den andre Part varslast før slik informasjon blir gjeven.

3.6 Varslingsplikt

Blir ein Part hindra frå å oppfylle forpliktingane sine til rett tid, skal han utan ugrunna opphald gje melding til den andre Parten om hindringa og kva verknad det får på moglegheita til å oppfylle. Det skal kunne dokumenterast når og korleis slik melding vart gjeven.

4 LEVERANDØREN SINE PLIKTER

4.1 Tenestene

Leverandøren skal levere dei Tenestene som er avtalt i Kontrakten. Tenestene skal utførast profesjonelt, effektivt og med høg fagleg standard, og vere eigna for Oppdragsgjevar sitt føremål og i samsvar med krava i Kontrakten elles.

Leverandøren er ansvarleg for at gjennomføringa av Kontrakten skjer i samsvar med gjeldande lovregning, og elles i samsvar med relevant bransjeregelverk og eventuelle andre reglar som kan ha innverknad på Tenestene.

Leverandøren skal hente inn og halde ved lag alle nødvendige løyve, sertifikat og godkjenningar for at Oppdragsgjevar skal kunne gjere seg nytte av Tenestene i samsvar med krava i Kontrakten, med mindre det er skriftleg avtalt at Oppdragsgjevar sjølv skal skaffe desse til vegar. Leverandøren skal på førespurnad frå Oppdragsgjevar legge fram dokumentasjon på at nødvendige løyve, sertifikat og godkjenningar ligg føre.

4.2 Leveringstid og stad

Leverandøren skal utføre og levere Tenestene på avtalt stad, til avtalt tid og på avtalt vis i samsvar med Kontrakten.

Med mindre anna er avtalt, skal varer som er omfatta av avtalen, leverast fritt til avtalt leveringsstad i samsvar med DDP, INCOTERMS 2020 (utan mva. ved utanlandsk leverandør).

4.3 Dokumentasjon

Leverandøren skal levere all dokumentasjon Oppdragsgjevar treng for å gjere seg nytte av Tenestene eller som det av andre grunnar er nødvendig å få, eksempelvis sluttrapportar, servicedokument, FDV-dokumentasjon, teikningar og skjema. Dokumentasjon skal overleverast samtidig med fullføringa av Tenestene, med mindre eit anna tidspunkt blir avtalt.

4.4 Garanti

Med mindre anna er avtalt, er garantiperioden for resultatet av Tenestene, eller eventuelle varer som er inkluderte i Tenestene, to (2) år rekna frå tidspunktet Tenestene er fullførte i samsvar med punkt 7.1. For deloppdrag reknar ein fristen frå alle Tenestene er fullførte. Garantitida skal likevel ikkje vere kortare enn alminneleg praksis for den aktuelle bransjen.

Leverandøren tek i garantitida på seg ansvar for feil og manglar ved Tenestene. Leverandøren skal i denne garantitida snarast mogleg og for eiga rekning reparere manglar ved Tenestene slik at dei er

utan feil og manglar av noko slag, eksempelvis ved å byte ut defekte delar og/eller utføre Tenestene på nytt.

4.5 *Rettsmanglar*

Resultatet av tenesta skal vere fri for rettsmanglar og Leverandøren skal halde Oppdragsgjevaren skadeslaus for alle former for rettsmanglar i relasjon til Tenesta.

5 OPPDRAGSGJEVAR SINE PLIKTER

5.1 *Medverknad*

Oppdragsgjevar skal yte slik medverknad som er rimeleg å vente av han for at Leverandøren skal kunne oppfylle kontraktsforpliktingane sine.

5.2 *Undersøkingsplikt*

Dersom relevant, pliktar Oppdragsgjevar innan rimeleg tid etter levering å undersøkje om Tenestene er i samsvar med Kontrakten, føresett at slik undersøking er praktisk mogleg og føremålstenleg ut frå arten av Tenestene.

6 PRIS OG BETALINGSVILKÅR

6.1 *Pris og prisregulering.*

Kontraktsprisen utgjer Oppdragsgjevar si fulle og heile betalingsforpliktig under denne Kontrakten. Kontraktsprisen skal omfatte alle direkte og indirekte kostnader ved Tenestene og er ikke gjenstand for regulering undervegs i kontraktsperioden, med mindre anna er avtalt.

6.2 *Utlegg og reiser*

Utlegg blir berre dekte i den grad det er avtalt. I dei tilfella det er avtalt, blir reise- og diettkostnader dekte etter Statens gjeldande satsar. Reisetid blir ikke dekt.

6.3 *Fakturering*

Norske leverandørar skal bruke elektronisk faktura i godkjent standardformat (EHF). Fakturaen skal merkjast med Oppdragsgjevar sitt innkjøpsordrenummer.

Fakturering skal skje etterskotsvis etter at Tenestene er fullførte i samsvar med punkt 7.1, dersom ikke andre faktureringstidspunkt er avtalt. Dersom Oppdragsgjevar på noko tidspunkt utfører forskotsbetaling, kan han krevje at Leverandøren stiller tilstrekkeleg garanti for det forskotsbetalte beløpet.

Fakturaer skal betalast innan 30 kalenderdagar frå ein gyldig faktura er motteken. Som gyldig faktura er rekna faktura som gjer det mogleg for Oppdragsgjevar å kontrollere at det som er fakturert, er levert/utført.

Leverandøren kan ikke overdra krav på betaling til tredjemann for innkrevjing utan føregåande skriftleg samtykke frå Oppdragsgjevar.

6.4 *Forseinka betaling*

Ved forseinka betaling som kjem av forhold innanfor Oppdragsgjevar sin kontroll, kan Leverandøren krevje forseinkingsrenter i samsvar med lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling mv.

6.5 *Overfakturering*

Dersom oppdragsgjevar har betalt for mykje til leverandøren, pliktar leverandøren å tilbakebetale dette beløpet. Denne plikta gjeld i inntil tre år etter at den aktuelle betalinga har funne stad.

Leverandøren skal betale forseinkingsrenter i samsvar med lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling mv. på beløpet som er overfakturert, rekna frå betalingstidspunktet til datoен for tilbakebetalinga.

7 TIDSPUNKT FOR FERDIGSTILLING OG OVERFØRING AV RETTAR

7.1 *Tidspunkt for ferdigstilling*

Ferdigstilling er rekna for skjedd når Tenestene er gjennomførte i samsvar med krava i denne Kontrakten og Oppdragsgjevar har godkjent dette.

Dersom Kontrakten inneholder plan for testing og godkjenning, er ferdigstilling rekna for å ha skjedd når testing er gjennomført og godkjent.

Omfattar Tenestene dokument o.l., er ferdigstilling først skjedd når aktuelle dokument er overleverte og godkjende av Oppdragsgjevar.

7.2 Egedomsrett m.m.

Egedomsrett, opphavsrett og andre relevante materielle og immaterielle rettar til resultat av Tenestene tilfell Oppdragsgjevar på tidspunktet ferdigstilling har funne stad i samsvar med punkt 7.1.

Rettane omfattar også rett til endring og vidareoverdraging, jf. lov av 15. juni 2018 nr. 40 om opphavsrett til åndsverk mv. (åndsverklova) § 68.

Leverandøren beheld rettane til eigne verktøy og metodegrunnlag. Begge partar kan også utnytte generell kunnskap (know-how) som ikkje er teiepliktig, som dei har tileigna seg i samband med Kontrakten.

8 ENDRING, STANSING, AVBESTILLING OG OPPSEIING

8.1 Endring

Oppdragsgjevar har rett til å krevje kvalitetsmessige og/eller kvantitative endringar i Tenesta eller leveringsfrist, og å anskaffe tilleggstenester, føresett at endringa ligg innanfor det Partane med rimeleg grunn kunne forvente då Kontrakten vart inngått.

Endringar av eller tillegg til dei avtalte Tenestene skal avtalast skriftleg.

Leverandøren har krav på justering av tidsfristar og vederlag for meir arbeid og direkte kostnader som endringa medfører etter følgjande prinsipp:

- Dersom Kontrakten inneholder einingsprisar og/eller oppgjevne timeprisar som passar for endringa, skal desse brukast til å kompensere Leverandøren. Einingsprisane og/eller timeprisane skal også brukast dersom endringa gjeld ytingar som er relativt like ytingar det er fastsett einingsprisar/timeprisar for i Kontrakten.
- Dersom det ikkje finst einingsprisar eller timeprisar i Kontrakten som passar, skal endringa kompenserast på grunnlag av det generelle prisnivået i Kontrakten for ytingar. Dersom det ikkje er mogleg, skal endringa kompenserast etter marknadspris.

Dersom endringa medfører innsparingar for Leverandøren, skal desse trekkjast frå vederlaget på tilsvarande måte.

Leverandøren skal på eige initiativ, eller etter førespurnad frå Oppdragsgjevar, gje eit spesifisert tilbod på konsekvensane av endringa for kontraktsprisen og fristane i Kontrakten.

Er Partane usamde om beløpet som skal leggjast til eller trekkjast frå kontraktsprisen eller andre konsekvensar som følgje av endringa, skal Leverandøren likevel setje i verk endringa utan å avvente endeleg løysing mellom Partane om konsekvensane.

8.2 Mellombels stansing og avbestilling

Oppdragsgjevar kan krevje at gjennomføringa av Kontrakten blir stansa mellombels eller avbestille Tenestene. Dette må gjerast skriftleg.

Ved mellombels stans eller avbestilling kan Leverandøren krevje:

- a) Det beløpet Leverandøren har til gode for allereie utført arbeid
- b) Leverandøren sine dokumenterte og direkte kostnader knytte til omdisponering av personell
- c) Andre direkte kostnader som Leverandøren er påført som følgje av avbestillinga

Leverandøren har for ordens skuld ikkje krav på å få erstatta det beløpet som står att av kontraktsprisen på tidspunktet for avbestillinga.

8.3 Oppseiing

Oppdragsgjevar kan seie opp Kontrakten med tre (3) månaders skriftleg varsel, dersom det ligg føre sakleg grunn. Som sakleg grunn reknar ein blant anna tilfelle der det er gjort vesentlege endringar i Kontrakten som krev at Oppdragsgjevar gjennomfører ein ny konkurranse i samsvar med anskaffingsregelverket.

Leverandøren har ikkje krav på å få erstatta kontraktsverdien ved ei oppseiing med sakleg grunn.

9 MISLEGHOLD

9.1 Kva blir rekna som misleghald

Det ligg føre misleghald dersom Tenestene ikkje er i samsvar med dei skildringane, krava, løysingane og fristane som er avtalt i Kontrakten. Det ligg også føre misleghald dersom Partane ikkje oppfyller andre plikter etter Kontrakten.

Forventa misleghald ligg føre der det etter kontraktsinngåinga er klart på bakgrunn av Leverandøren sin handlemåte eller ein alvorleg svikt i kredittdverdigheita eller evna hans til å oppfylle, at han ikkje kjem til å oppfylle ein vesentleg del av kontraktsforpliktingane sine.

9.2 Reklamasjon

Ein Part skal reklamere skriftleg til den andre Parten innan rimeleg tid etter at misleghaldet er oppdaga eller burde vore oppdaga.

9.3 Retting

Oppdragsgjevar kan krevje at Leverandøren for eiga rekning rettar mangelen ved Tenestene, dersom dette kan skje utan å valde Leverandøren urimeleg kostnad eller ulempe.

Leverandøren skal rette mangelen innan rimeleg tid etter at Oppdragsgjevar har kravd dette eller i samsvar med avtalt frist.

Sjølv om Oppdragsgjevar ikkje krev det, kan Leverandøren for eigen kostnad rette mangel eller utføre ei ny teneste, når dette kan skje utan vesentleg ulempe for Oppdragsgjevar og utan risiko for at Oppdragsgjevar ikkje får dekt utlegga sine av Leverandøren. Leverandøren skal varsle Oppdragsgjevar før slik retting blir sett i verk.

9.4 *Tilleggsfrist*

Oppdragsgjevaren kan fastsetje ein rimeleg tilleggsfrist for oppfyllinga av Leverandøren sine forpliktingar.

Oppdragsgjevar kan ikkje gjere gjeldande nokon misleghaldsfullmakter så lenge tilleggsfristen går, med mindre Leverandøren har gjeve varsel om at han ikkje vil oppfylle forpliktingane sine innan tilleggsfristen.

Tilleggsfristen skal ikkje ha innverknad på Oppdragsgjevar sin rett til dagbot eller erstatning som er opparbeidd før tilleggsfristen vart gjeven.

9.5 *Retting og levering av ny teneste fra annan leverandør*

Dersom Leverandøren ikkje rettar mangelen ved Tenestene eller utfører ei ny teneste i samsvar med punkt 9.3 og 9.4 ovanfor, har Oppdragsgjevar på ein rimeleg måte rett til å få Tenestene retta eller få utført ei tilsvarende teneste frå ein annan leverandør for Leverandøren si rekning.

9.6 *Prisavslag*

Dersom retting ikkje er mogleg eller ikkje blir utført innan rimeleg tid, kan Oppdragsgjevar krevje eit forholdsmessig prisavslag. Prisavslag er kompensasjon for redusert verdi av det leverte, og kjem i tillegg til eventuell erstatning.

9.7 *Tilbakehalding av betaling*

Ved misleghald kan Oppdragsgjevar halde betalinga tilbake, men ikkje openbert meir enn det som er nødvendig for å sikre kravet frå Oppdragsgjevar som følgje av misleghaldet. Det same gjeld ved forventa misleghald. Leverandøren kan halde tilbake ytингar som følgje av misleghald frå Oppdragsgjevar, men berre dersom misleghaldet er vesentleg. Det same gjeld ved forventa misleghald.

9.8 *Dagbot*

Dersom Leverandøren ikkje held fristane i Kontrakten, ligg det føre forseinking som gjev grunnlag for dagbot. Oppdragsgjevar kan krevje dagbot frå det tidspunktet Leverandøren er forseinka.

Om ikkje anna er avtalt, utgjer dagbota 0,15 % av den totale kontraktsprisen eksklusive mva. pr. kalenderdag forseinka varer, avgrensa til hundre (100) kalenderdagar. Dagbota utgjer uansett minimum kr. 1000,- pr. kalenderdag.

Så lenge dagbota er gåande, kan Oppdragsgjevar ikke heve kontrakten. Dette gjeld ikke dersom Leverandøren eller nokon han svarer for, har opptrødd grovt aktlaust eller elles i strid med heiderleg oppførsel og god tru.

Dersom dagbot ikke dekkjer Oppdragsgjevar sitt dokumenterte direkte tap som følgje av forseinkinga, kan Oppdragsgjevar krevje erstatning for det overskytande beløpet.

9.9 *Heving*

Dersom det ligg føre vesentleg misleghald, kan den andre Parten, etter å ha gjeve den misleghaldande Part skriftleg varsel og rimelig frist til å bringe forholdet i orden, heve heile eller delar av Kontrakten med omgående verknad. Det same gjeld ved forventa misleghald, med mindre den andre parten stiller forsvarleg sikkerheit.

Oppdragsgjevar har rett til å heve kontrakten med omgående verknad dersom det i samband med Leverandøren si verksemد blir opna gjeldsforhandlingar, akkord eller konkurs, eller anna form for kreditorstyring gjer seg gjeldande, eller Leverandøren er under avvikling, har innstilt verksemda si eller er i tilsvarende prosess med heimel i nasjonale lover og forskrifter.

Oppdragsgjevar har vidare rett til å heve kontrakten med omgående verknad dersom Leverandøren er rettskraftig dømt for deltaking i ein kriminell organisasjon eller for korrupsjon, bedrageri eller kvitvasking av pengar, eller er kjent skuldig i strafflagde forhold som gjeld den yrkesmessige vandelen.

9.10 *Erstatning og erstatningsavgrensing*

Ein Part kan krevje erstatta kvart eit direkte tap og skade som spring ut av kontraktsbrot frå den andre Parten eller nokon han svarer for, med mindre den misleghaldande Parten godtgjer at misleghaldet eller årsaka til misleghaldet ikkje kjem av den misleghaldande Parten. Direkte kostnader omfattar, men er ikkje avgrensa til, kostnader Oppdragsgjevar får ved dekningstenester, utlegg og kostnader som følgje av meirarbeid i Oppdragsgjevar sin organisasjon.

Dagbøter kjem til frådrag i eventuell erstatning for same forseinking.

Indirekte tap blir ikkje dekt. Erstatninga er avgrensa til summen av det samla vederlaget etter Kontrakten eksklusive meirverdiavgift.

Desse avgrensingane gjeld likevel ikkje dersom tilsette hos den misleghaldande Part eller nokon denne svarer for, har utvist grov akløyse eller forsett.

10 ANDRE REGLAR

10.1 *Risiko og ansvar for kommunikasjon og dokumentasjon*

Partane skal syte for forsvarleg kommunikasjon, oppbevaring og sikkerhetskopiering av dokument og anna materiale som har med Tenestene å gjere (medrekna e-post og anna elektronisk lagra materiale).

Partane har risikoen og ansvaret for alt materiale, uansett form, som blir skadd eller øydelagd medan det er under eins kontroll.

10.2 Bruk av underleverandør og tredjepartar

Dersom Leverandøren ønskjer å bruke underleverandør, krev dette skriftleg førehandssamtykke frå Oppdragsgjevar. Samtykke kan ikkje nektast utan sakleg grunn.

Dersom Leverandøren engasjerer underleverandør eller Oppdragsgjevar engasjerer tredjepart til å utføre arbeidsoppgåver som følgjer av denne Kontrakten, er Parten fullt ansvarleg for utføringa av desse oppgåvene på same måte som om Parten sjølv stod for utføringa.

10.3 Overføring av rettar og plikter

Partane kan ikkje overføre rettar eller plikter etter denne Kontrakten til tredjepart utan skriftleg førehandssamtykke frå den andre Parten. Samtykke kan ikkje nektast utan sakleg grunn.

Dersom Leverandøren gjennomfører ei omstrukturering, medrekna fusjonerer eller fisjonerer, har Oppdragsgjevar rett til å heve Kontrakten omgående. Dette gjeld uavhengig av om ny leverandør oppfyller dei opphavlege kvalifikasjonskrava.

10.4 Force majeure

Ingen Part er i misleghald av Kontrakten dersom oppfyllinga blir hindra av hendingar utanfor Partens kontroll som Parten ikkje kunne føresjå ved inngåinga av Kontrakten og som det ikkje er rimeleg at han kan overvinne (heretter kalla «Force Majeure»). Som Force Majeure-hendingar er blant anna rekna brann, epidemiar, naturkatastrofar, straumutbrot og generell streik.

Parten som ønskjer å hevde Force Majeure, må utan ugrunna opphald varsle den andre Parten.

Dersom Force Majeure-situasjonen varer lenger enn nitti (90) kalenderdagar, kan kvar av Partane seie opp Kontrakten med fjorten (14) kalenderdagars varsel.

10.5 Reklame

Leverandøren må hente inn skriftleg førehandsgodkjenning frå Oppdragsgjevar dersom Leverandøren ønskjer å gje offentlegheita informasjon om Kontrakten utover å oppgje Kontrakten som generell referanse.

10.6 Forsikringar

Leverandøren skal ha forsikringar som skal dekkje tap og skade som kan oppstå under Kontrakten, og som er vanleg for bransjen Leverandøren tilhøyrer. Oppdragsgjevar har på førespurnad rett til å sjå Leverandøren sine forsikringspolisar.

Oppdragsgjevar er statleg og står derfor som sjølvassurandør.

11 SAMFUNNSANSVAR

11.1 Generelt

Oppdragsgjever og Leverandøren skal utvise samfunnsansvar i gjennomføringa av avtalen, kva gjeld både miljø, klima, løns- g arbeidsvilkår og etisk handel, jf. bilag til avtalen.

11.2 Miljø

Oppdragsgjever ønskjer å drive verksemda med minst mogleg miljøbelastning. Leverandøren pliktar derfor å oppfylle Kontrakten på ein miljøvenleg måte og fremje klimavenlege løysingar der det er mogleg og føremålstenleg, inkludert ved val av materiell, transportløysingar, avfallsminimering og gjenvinningsløysingar.

11.3 Løns- og arbeidsvilkår i Noreg

Leverandøren har ansvar for at eigne tilsette og tilsette hos underleverandørar (inkludert innleigde) har løns- og arbeidsvilkår i samsvar med norsk lovverk, medrekna Lov om allmenngjøring av tariffavtaler m.v. (ålmenningslova) og forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlige kontrakter av 8. februar 2008 der denne skal brukast.

I desse tilfella pliktar Leverandøren på førespurnad å dokumentere løns- og arbeidsvilkåra for eigne tilsette og tilsette hos eventuelle underleverandørar (medrekna innleigde). Opplysningane skal dokumenterast ved blant anna kopi av arbeidsavtale, lønsslipp, timelister og bankutskrift frå arbeidsgjevaren.

11.4 Etisk handel

Varer som blir leverte til Oppdragsgjiver skal vere framstilte under forhold som er i samsvar med krav i internasjonalt anerkjente FN-konvensjonar, ILO-konvensjonar og nasjonal lovgjeving om menneskerettar og arbeidstakarrettar. Leverandøren skal følgje dei åtte grunnleggjane ILO-konvensjonane og arbeide med å sikre at eigne underleverandørar innfri konvensjonane sine krav.

Leverandøren skal sette i verk tiltak eller avslutte samarbeid med aktuelle underleverandørar, dersom brot på konvensjonane nemnde over vert oppdaga.

12 OPPHØYR AV KONTRAKT

12.1 Smidig overgang

Ved opphør av kontraktsforholdet, uavhengig av årsaka, pliktar Leverandøren å bidra til smidig overgang til eventuell ny leverandør. Dette gjeld ikkje dersom Kontrakten er heva som følgje av Oppdragsgjever sitt misleghald eller forventa misleghald av Kontrakten.

12.2 Avrop

Eventuelle avrop som er gjort eller arbeid som er påbyrja før utløpet av Kontrakten, skal gjennomførast sjølv om dette må skje etter utløpet av kontraktsperioden.

13 TVISTAR

13.1 Lovval og verneting

Partane sine rettar og plikter etter denne Kontrakten er i heilskap regulert av norsk rett.

13.2 Forhandlingar og mekling

Dersom det oppstår tvist mellom Partane om tolking eller rettsverknadene av Kontrakten, skal tvisten først søkjast løyst ved forhandlingar og/eller mekling.

13.3 Domstols- eller skilsdomsbehandling

Dersom ein tvist ikkje blir løyst ved forhandlingar eller mekling, kan kvar av Partane forlange tvisten avgjort med endeleg verknad av norske domstolar. Oppdragsgjevar sitt heimting er verneting.

Partane kan alternativt avtale at tvisten blir avgjort med endeleg verknad ved skilsdom.